

# DOKUMENT: MILLENIUM-BØKENE

# EIT LOVLEG R

**RIKDOM:** Stieg Larsson sine krimbøker drar inn millionar. Ho som levde med han heile livet, arva ingenting.



Av Tor Obrestad

## BØKER

9. november 2004 gjekk Stieg Larsson som vanleg heimanfrå med sin berbare pc i ryggsekken på ryggen. Han var sjefredaktør på tidsskriftet Expo og skulle på jobb. Redaksjonslokala ligg i sjuande etasje, og nett den dagen stod heisen, så han måtte gå opp. Då han kom inn i redaksjonen, var han kvit i ansiktet og klagde over vondt i magen. Dei sjokkerte kollegene ringde straks etter ambulanse. Sjukehuset låg like ved. Halvannan time etterpå var Stieg Larsson død, han hadde nettopp fylt 50 år. Kona, Eva Gabriellsson, som var på jobb i Dalarna, kom til sjukehuset tre timar etter, då var handa til mannen enno varm, «det var den siste helsinga han ga meg».

– Men det var det ekstra slitet med bøkene som eigentleg knekte han, fortel Eva Gabriellsson.

– Han jobba tolv timar på tidsskriftet, hadde i tillegg utstrekt foredrag- og konferanseverksemd, og kom som regel heim kring midnatt. Då sette han seg ned med den berbare maskinen og avreagerte tre-fire timar med å skriva krim. Han var ein arbeidsnarkoman.

Larsson rakk å skriva tre bøker, og teikna kontrakt med Norstedts om utgjeving seks månadar før han døyde. Han skreiv ingen kontrakt med forlaget om forvaltning, heller ikkje om filmrettar. Den første boka vart ordentleg gjennomarbeidd, men dei to neste som han samstundes hadde levert til forlaget, vart ikkje detaljkorrigerte.

## FAKTA

### Stieg Larsson:

■ Stieg Larsson sitt ry kjem frå dei tre krimbøkene «Menn som hater kvinner» (2005), «Jenta som lekte med ilden» (2006) og «Luftslottet som sprengtes» (2007).

■ Han skreiv også fagbøker og er med i mange antologiar. Her kan nemnast «Extremhögern» (saman med Anna-Lena Lodenius, 1991), «Överleva deadline – handbok for mordhotade journalister» (2000), «Sverigedemokraterna – den nationella rörelsen» (med Mikael Edman, 2001) og «Svensk och osvensk våld mot kvinnor», frå boka «Debatten om hedersmord» (2004).

Etter kontrakten skulle han få eit forskot på 500.000 i mai. Norstedts betalte ikkje ut forskotet. Eva Gabriellsson oppdaga desse pengane då ho fekk eit brev frå Skattekontoret i Stockholm, datert 2. mai 2005. Her står det at ein sum i buet, på 419.754, er fordelt på fire arvingar, bror, far, og brorens to barn, som også har betalt arveskatten. Evas kommentar:

– Denne saga er jo som ein film av Groucho Marx.

### Verdt millionar

Norstedts såg med ein gong salspotensialet i historia, og planla å marknadsføra bøkene dei tre neste åra, ei bok om året. Stieg Larsson hadde planlagt å skriva ti bøker om paret som samlar handlinga i saga, den forrykande ungjenta, datahackande Lisbeth Salander, og den samfunnsengasjerte journalisten Michael Blomqvist. Før han døyde hadde Larsson banka ned 200 nye sider i Expo sin berbare datamaskin, eit utkast til ei fjerde bok i serien.

Stieg Larsson var overtydd om at bøkene ville selja. Det same var forlaget. Men ingen kunne tenka seg den overveldande suksessen som venta. Etter VG i går hadde 4,6 millionar eksemplar vorte selt, el-



STIEG OCH EVA: Forfatter og journalist Stieg Larsson saman med Eva Gabriellsson, som han var saman med frå

«Det lysna for oss. Stieg begynte å skjera ned på de

# DE HAR SELT 4,6 MILLIONAR EKSEMPLAR:

# AN I SVERIGE



ler venta utgjeving, i 32 land.

Göran Wiberg i Norstedts seier til Expressen 18. november i fjor at bøkene kjem til å dra inn om lag 30 millionar kroner til det svenske forlaget. I tillegg kjem rettene for sal i utlandet.

Seksjonen for omsett litteratur hos Gyldendal i Norge, til dømes, brukte å ha eit budsjett kring fem millionar kroner. Fjorårsbudsjettet ligg på bortimot 50 millionar, auken kjem i hovudsak av bøkene til Stieg Larsson.

Paret som saman hadde skapt dette verket, begynte å leggja planar.

– Bøkene skal vera vår pensjonsforsikring, sa Stieg ofte. Det som kom inn frå dei tre første skulle gå til nedbetaling av gjeld på leiligheten, til kjøp av ei sommarhytte i Stockholms skjærgard der me saman kunne sitja og arbeida, og til å skjera ned på det avsidige arbeidstempoet me hadde hatt. Alt var planlagt i detalj. Inntektene av bok fire skulle gå til tidsskriftet Expo. Seinare skulle inntektene av bøkene gå til menneske som brann for dei same sakene som me gjorde, og til senter for mishandla kvinner. Hausten 2004 la me inn til ein fabrikant teikningar me saman hadde gjort på eit hus og ba om bud på kostnaden. For at ikkje inntektene skulle forsvinna i skatt, snakka Norstedts med Stieg om at forlaget skulle ordna med skipinga av eit firma styrt av Stieg og meg, eit selskap som skulle administrera forfatarrettane og inntektene frå bøkene. Eg spurde Stieg om dette både sommaren og hausten 2004, og han sa at selskapet var på gang, seier Gabrielsson.

– Det lysna for oss. Stieg begynte å skjera ned på det hektiske arbeidstempoet han hadde hatt, kom tidlegare heim om kveldane og hadde helgene heilt fri. Det hende til og med at han laga mat til meg!

### Møttest på FNL-møte

– *Kvifor gifta de dykk ikkje, eller skreiv ein sambuarkontrakt? De var jo saman heile livet?*

– Me møttest på eit FLN-møte i Umeå i 1972, me var 18 år. Sidan var me saman. Eg tok arkitektskulen, Stieg jobba med journalistikk, han var mellom



dei møttest som 18-åringar i 1972, til han døydde i 2004. Biletet er om lag 15 år gammalt, og har ikkje vore publisert tidlegare. FOTO: PER JARL, EXPO

## et hektiske arbeidstempoet han hadde hatt»

EVA GABRIELSSON



anna i Afrika. I 1977 kom han til Stockholm, fekk jobb på Tidningarnas Telegrambyrå (TT), og me flytta saman 1979. I 1983 bestemte me oss for å gifta oss, og kjøpte ringar.

Eva Gabriellsson tar av seg gullringane ho ber på venstre hand, hennar og mannens ringar, og viser meg.

– Men så begynte Stieg same året å skriva for det engelske antinazistiske tidsskriftet Searchlight, og kom med ein gong i søkelyset frå nazistane i Europa og seinare i Sverige. Han var nøydd for å gå under jorda, han skulle ikkje kunna ettersporast nokon stad i offentlege arkiv. Same året var det også slutt på det politiske engasjementet, han hadde tidlegare vore med i KAF, ein trotskistisk organisasjon i Sverige.

Stieg var inga pyse, fortel Gabriellsson. I 1977 var han i Etiopia under borgarkrigen mellom Etiopia og Eritrea. Der underviste han ein eritreisk kvinneleg bataljon i militær strategi og lærte dei å frya av granatkastarar.

– Ein gong, i Stockholm, kom han heim kring midnatt med blodige hender. Kva er på ferde? sa eg skremd. Han hadde vorte forfølgd av to menn. Dei slo til i eit skogholt. Han venta på dei, sparka den eine i skrittet så han fall om, og slo ned den andre. Han venta for å sjå om dei reiste seg, det gjorde dei ikkje, så gjekk han heim.

Det svenske, antinazistiske tidsskriftet Expo vart starta i 1995, Stieg var ein av initiativtakarane, og vart seinare sjefredaktør og fekk to jobbar. Først i 1999 slutta han i TT. I 1995 vart sju menneske drepte av høgreekstremistiske grupper i Sverige. Stieg Larsson var ein gravande journalist og fekk etter kvart så mykje kunnskap om svensk nazisme at han førelas for Scotland Yard og blei brukt som ekspert av det svenske justisdepartementet.

– Stieg låg i dekning, få viste kvar han budde, han hadde inga adresse, ingen visste kven han budde saman med. Ingen visste når han gjekk på jobb, og han var nøye med å variera rutene til jobben. Både han og eg gjekk med sprayflasker i lomma, me viste oss ikkje i glaset på leiligheten og me kjøpte sikkerheitsdører.

Det finst nesten ikkje bilete av Stieg Larsson, han var ein mann utan ansikt. Men han

skreiv uredt i bladet sitt og ga ut bøker, sjølv då den kjende fagforeningsleiaren Björn Söderberg i 1999 vart myrda av nazistane Hampus Hellekant og Björn Lindberg, og politiet fann bilete av Stieg og Eva hos gjerningsmennene.

– Stiegs far sa i ein tale i gravferda at han ikkje hadde noka aning om kven sonen var. Fleire blei sjokkerte over dette, men det trur eg er rett, korkje han eller Stiegs bror Joakim kjende Stieg skikkeleg eller visste kva slags liv me levde.

### Jobba saman

Stieg var medviten om at thrillerbøkene kunne snu opp ned på alt dette.

– I september snakka me om det. Han sa at han svært gjerne ville gifta seg med meg, både fordi me kunne få betre økonomi og han ville kunne arbeida deltid på Expo, og fordi bøkene og merksemda kring dei ville tena som eit skjold mot nazistane. Eg og Per-Erik Nilsson, tidlegare Olof Palme sin juridiske rådgjevar og pensjonert dommar, styreformann i Expo, me tok dette med sambuaravtale opp med han. Stieg viste til avtalen med Norstedts, sa at alt var i orden og me ville ikkje masa, han hadde det også for travelt den hausten, hadde deadline heile tida. Særskilt var det ille då han redigerte den første krimboka. Og han var ein mann som følgde sitt eige hovud.

– Det var ein ting til. Stieg var ein administrativ katastrofe, hadde aldri tid til slike trivialitetar, gjekk aldri til bank eller post, hadde ikkje tid til sjølvmelding, samla aldri på kvitteringar. Det var så mange viktige saker elles! Eg måtte ordna alt praktisk, alt stod også på mitt namn. Sjå her, til dømes!

Eva Gabriellsson gir meg ein konvolutt full av bankgiroar, til saman beløp på 15.000 kroner.

– Det er honorar dei sende for foredrag og bidrag elles, Stieg bare stappa det i konvolutten og gløymde dei, eg fann det etter at han var død. Det var spesielt jobbigt når eg ikkje var heime, eg gjekk i angst for at han ikkje betalte reknningar og slikt som kunne forfalla i tide.

– Men bøkene?

– Me jobba saman, han hjelpte meg mykje, og eg hjelpte han. Han skreiv det første kapitlet i serien sommaren 1997, og la det bort. Eg masa faktisk på han og ba han

halda fram. I 2002 sette han i gang for alvor. Bøkene var terapi for han, endeleg kunne han snakka ope i sitt eige språk om det som låg han på hjarta. Tidlegare hadde han skrive sakbøker. Nå skreiv han rasande fort historiene sine.

– I ein artikkel i Informati- on 8. september 2007, ført i pennen av Maria Skov, seier den danske litteraturprofesoren Hans Hertel ting som etter mitt hovud er veldig presise: Bøkene er enormt politiske, «de giver et vældig godt psykologisk portræt af nogle moderne mennesker ... De viser nogle kyniske sider av Sverige og de nordiske samfund, som vi helst fortrænger. Bøgerne handler om, hvordan kynisk erhvervsliv, moderne teknologi og den ustyrige stat kan rotte sig sammen

## «Eg er ein ikkje-eksisterande person juridisk sett, alt det som var bygt opp gjennom 32 år er tatt bort»

EVA GABRIELSSON

mod det enkelte menneske ... Samtidig er det dypt tilfredsstillende, at nogen gør noget ved det. De kan og tør bogens hovedpersoner. Lisbeth Salander vil ikke reduceres til patient, ikke lukkes inde på en anstalt ... det er en side af vores demokratiske samfund, som er underbelyst – disse blodige måder at umyndiggøre mennesker på.»

– Det Hertel seier er eit konsentrert av alle samtalanene Stieg og eg hadde om prosjektet. Hertel har den same klarheita som Stieg. Det speglar tankeverda vår, og syntesen me hadde om det menneskelege.

### – Iskald business

– Stieg skreiv. Når han stod fast, kom han for å diskutera med meg korleis han skulle koma vidare. Eg kom med forslag. Alle dei lange, nattlege samtalanene, ideane mine om korleis han kunne utvikla karakterane i boka, korleis skal eg kunna dokumentera dei! Sidan eg hadde skrive ei bok om byplanlegging, ba han meg til dømes spesielt gjera research om bymiljø, folk skulle bu der handlinga gjekk føre seg og vera karakteristisk

for personane. Husa skulle vera rett plasserte. Detaljane skulle stemma! Samstundes skapte desse konkrete detaljane ein analyse av Sverige og dagens verkelegheit.

– Det er jo denne blandinga av det konkrete, fakta frå det verkelege, og fabelen og det fantastiske, det er eventyret som gjer bøkene så fascinerande. Pluss sinnet i dei.

– Ja, Stieg skreiv ut frå eit veldig raseri, og det var også mitt raseri. Drivkrafta i han var reaksjonen mot kvinneundertrykking – og mot rasisme, og for demokrati og samtale. Saman hadde me mykje handlingskraft og glede, det var vårt store prosjekt.

– Og alt dette er tatt frå deg? Pluss minus fleire millionar kroner.

– Ein ting er pengane. Verre er at dei har forsøkt å ta med seg mi sjel, mitt bidrag til historiene og mitt tidlegare liv. Eg er ein ikkje-eksisterande person juridisk sett, alt det som var bygt opp gjennom 32 år er tatt bort.

Gabriellsson sin advokat, Sara Pers-Krause, bekreftar dette: Lovar eg glasklar på dette området, Eva har ikkje rett til noko. Men det går an å løysa dette gjennom avtalar, presiserer ho.

– Kva hende, Eva?

– Det som seinare skjedde står i rak motsetnad til alt Stieg stod for. Nå er det bare iskald business som gjeld, nå er det Stieg Larsson-industrien som slår til.


I ein juridisk betenkning frå Norstedts, ført i pennen av juristane Levin og Elding 16. desember 2004, står det: «Enligt Norstedts vore det bra om rättigheterna helt eller delvis hamnar hos Eva Gabriellsson, eftersom hennes framtida medverkan är af stor betydelse för utgivningen av böckerna.»

Leiinga i Norstedts tok ikkje omsyn til det rådet, og kontakta ikkje Eva om samarbeid.

### Endra haldning

Etter gravferda ba broren, Joakim Larsson, om han kunne få eit minne frå morforedra. Eva ga han det ho hadde, ei bronseøskje etter morfaren og eit blått skrin etter mormora. 22. januar 2004 var Eva ennå på talefot med Stiegs bror. Veka før har ho hatt eit møte med Norstedts der forlaget forklarar at dei ikkje har sett opp noko selskap. Sjøkkert skriv ho ein mail til Joakim: «jag är djupt sviken att de inte fixat det bolag Stieg gett deras stadigt arbetande författarbö-lagsenhet i uppdrag att ordna sedan de skrev kontrakten våren 2004.» Eva fortel at ho har bedt tidlegare rettsjef i Olof Palmes regjeringar, Per-Erik Nilsson, om hjelp til å halda kontakten med Norstedts, «tyvärr känner jag att jag inte kan spela med i just nu, så sviken känner jag mig».

Joakim Larsson svarar trøystande same dag. «Jag är tack och lov inte inblandad i ett eventuellt arv efter Stieg utan där måste du och Erland komma överens. Det kan inte bli något arvskifte innan ni kommer överens. Det skal gå att återskapa den situation som skulle ha gällt om du och



FRI: Stieg Larsson og Eva Gabriellsson i eit

Stieg hade varit gifta och om bolaget hade funnits.»

Han skulle ganske snart ombestemma seg, det kjem klarast uttrykt i eit brev frå advokat Gunnar Swarström 18. oktober 2005: Joakim og Erland «är altså inte beredda att avstå den ideella rätten till förmån för Eva Gabriellsson, ej heller lämna fullmakt til henne eller överlåta någon andel av den royalty eller annan ersättning som utgått eller kommer att utgå vid verks/verkens användande.»

Ho er orientert av Svante Weyler på Norstedts som 12. august mailar til henne «att vi just står i begrepp att skriva under ett avtal om filmoptioner».

Ho skriv same dagen tilbake og spør: «På vilken rättslig grund förhandlar ni om film? Det var nämligen Stiegs uttryckliga avsikt att vänta med film.»

Norstedts er på trygg grunn, dei to som styrer forvaltninga har nemleg gitt forlaget retten.

Det økonomiske eventyret har begynt å openbara seg for

# Namnebyte etter press

Stieg Larsson brukte å nemna namnet på levande personar i bøkene sine for på den måten å heidra dei. Ein av dei var vennen Anders Jacobsson, som i sin lange karriere som operasjonslege i Göteborg utvikla ein metode for å redde livet på dei personane han fekk hand om. I heile hans karriere hadde han berre mislukkast i å redde eit menneske. Derfor fekk legen som opererer Lisbeth Salander i bind tre i serien namnet Anders Jakobsson, og dette

var klart av Stieg Larsson med legen sjølv i ein samtale ei veke før Larsson døydde, og han ville maila avsnittet der legen er omtalt. Stieg Larsson rådførte seg ofte om kirurgiske spørsmål med Jakobsson, som gjekk i klassen over Stieg på gymnaset i Umeå.

Nå er det slik at Jakobsson også kjenner Erland Larsson, Stiegs far, frå tidlegare. Jakobsson fortel Klassekampen at han under ein ferie i Umeå påskeferien 2006 tilfeldigvis

møtte faren på Ikea gourmet, og Jakobsson gjekk rakt på sak, skjelte med høg røyst ut Larsson, kva er det de gjer med Eva, finst det ikkje skam i livet i måten de handterer dette arvespørsmålet på, det er så dårleg gjort, dette er ikkje bare mi oppfatning, men oppfatninga til alle Stiegs kompisar – og så bortover. Erland blei sinna. Kva skjer så?

I den trykte utgåva av bok nummer tre heiter legen Anders Jonasson.

# – Ingen arvetvist

**SVARER:** – Det finnes egentlig ikke noen arvetvist, sier Stieg Larssons bror.

Av Mari Skurdal

Stieg Larssons bror Joakim Larsson sier at det ikke egentlig finnes noen arvetvist mellom han og faren og Eva Gabriellsson.

– Derimot pågår det samtaler om hvordan arven etter Stieg best kan forvaltes i hans ånd, og der har ulike oppfatninger. Men vi håper at vi snart skal bli enige, skriver han på e-post til Klassekampen.

– Ifølge Eva Gabriellsson anså du i utgangspunktet at dere kunne komme overens om en avtale som ville gi den samme fordeling som om de hadde vært gift. Hva skjedde?

– Jeg skrev til den som skjøtte boet og spurte hvordan vi skulle gå fram for at Eva skulle arve direkte, men fikk til svar at man bare kan avstå til sine egne arvinger. Først måtte vi ta imot arven, og deretter overlate den som en gave til Eva. Jeg videre-sendte denne e-postvekslingen til Eva for at hun skulle få vite hva som skulle skje. Siden da har vi hatt veldig lite kontakt med henne.

## 1,5 millioner

Larsson sier at det hele tida var meningen at Gabriellsson skulle ha leiligheten.

– Vi har overlatt vår andel til henne. Siden kan vi bare spekulere i hvorfor Stieg ikke ville testamentere til Eva, men det vil jeg helst unngå, selv om jeg ser flere gode grunner. Sammen med Stiegs livsforsikring, bankinnskudd, fond og leilighet har Eva fått rundt 1,5 millioner, og hennes akutte økonomiske bekymringer burde være ryddet av veien. Om man ser bort fra Stiegs krimbøker, så har Eva til og med fått mer enn om Stieg hadde testamentert til henne, etter-som jeg og vår far betalte arveskatten av egen lomme.

## En del av familien

– Dere lurer kanskje på hvorfor Eva ennå ikke har fått noen av inntektene fra Stiegs krimromaner? Eva har hele tida forklart, også i artikler, at hun syns det ville være interessant å gå til rettsak mot oss for å se om forvaltningen skjer i Stiegs ånd. Dersom vi nå skulle gi Eva penger, ville det bare innebære at vi bekostet en meningsløs retts-sak mot oss selv, og det er vi ikke interessert i.

Ifølge Larsson snakker familien fortsatt med Gabriellsson om rettighetene til bøkene.

– Samtaler pågår, og jeg håper vi kommer overens. Vi ønsker å ha en god dialog og et godt forhold til Eva. Hun tilhører jo familien.

kultur@klassekampen.no

mari.skurdal@klassekampen.no



fredelig augeblikk i skjærgården.

FOTO: ELEANOR RAPIER

dei involverte. Ingen har tid til å tenka på brysame enker når alt er gullkanta.

## – Eg var lojal

Eva Gabriellsson lever i helvete på denne tida. Ho mistar evna til å lesa nokre månader, i eit halvt år har ho gått i kriterapi; alt ho står midt oppi er ubegripeleg for henne, «och jag saknar Stieg så mycket i vissa stunder at det är alldeles obeskrivelig».

– Eg var lojal, og sa ikkje noko kritisk til media på halv-tanna år. Då begynte arvingane å pressa meg på leiligheten for å få tak i datamaskinen som skulle innehalda eit manuskript til bok nummer fire. Dei åtte halve leiligheten, Stiegs del, og truga med å gå til domstolen for å få tak i maskinen som dei meinte tilhørde buet. Maskinen hørde i røynda til Expo. Gjekk dei til domstolen, ville politiet kunna gi ordre til husransaking, og då forstod eg at eg måtte kjempa mot denne grenselause grådigheten.

– Du har kanskje trekk frå Lisbeth Salander, når du er

pressa i eit hjørne, vil du slåss?

– Kan henda tok han trekk frå meg då han skreiv om Salander, iallfall begynte eg å fortelja sanninga når pressa kom på døra, snakka om korleis det egentleg var. Då ga dei seg, i august 2007, nesten tre år etter at Stieg var død.

– Nesten tre år etter Stiegs død fekk du heimen din tilbake.

– Ja, då ga dei avkall på Stiegs del av leiligheten, på datamaskinen, og ga meg tilgang til dei sparepengane me saman hadde lagt oss opp i Stiegs namn, om lag 100.000 kroner.

Eva Gabriellsson snakkar lågt, reflektert, har ein lun måte å vera på og ein fin sans for humor. Ho smiler, ho ler rett som det er, ho har lagt ned mykje arbeid på sorga. Ho seier at dette med den fjerde boka i serien til Stieg vil ho ikkje gå inn på, det vil vera nedverdiggande for henne å gå vidare med Stiegs utkast.

– Men det finst ein fjerde bok, og den skal eg skriva, eg har alt skrive mesteparten av den. I denne boka vil eg fortelja alt slik det var. Eg har dag-

boksnedteikningar frå denne tida, eg har alle dokumenta, og eg har minnet om Stieg. Han var eit harmonisk menneske og veldig mogen. Han likte folk, kvinner og menn, likte å prata i godt lag og fortelja historier, og han var snill og omtensksam. Han vart ein magnet for mange kvinner, ikkje minst fordi han interesserte seg for kven dei var. Han jobba heile tida, og han satsa heilt på det han trudde på.

## Lærte av morfaren

– Kva trudde han på?

– Livet hans vart forma av morfaren, Severin Boström. Boström var kommunist og aktivist i fagforeninga. Han vart internert i Storsien arbeidsleir då krigen begynte, etter det Stieg fortalde meg og andre. Kvifor? Han var antinazist. Foreldra til Stieg fekk han då dei var veldig unge, og morfeforeldra tok ansvaret for ungen etter fødselen, dei budde i skogen åtte mil vest for Skellefteå. Stieg og morfaren sov saman i slagbenken heilt til Boström låg død ein morgon i senga i 1962. Severin

hadde fortalt Stieg kva han hadde vore med på. Dei menneska som hadde vorte inter-nerte var svartmala og forfølgde resten av livet sitt og dette hadde guten med seg, i sum er dette Stieg Larsson: Å ver-na om menneskets likeverd, å slåss for demokrati og yt-ringsfridom, og sjå til at det som hende med morfaren aldri meir skal skje i Sverige.

Då Stieg var åtte år gammal kom han til dei biologiske foreldra sine som budde i Umeå, endå han ville vera att hos mormor, fortel Gabriellsson.

– Foreldra hadde då ein mindre bror, Joakim. Stieg drog heimanfrå då han var 16 år gammal, hadde liten kontakt med familien og kom aldri tilbake. Hadde mor hans levd, Vivianne Larsson, som døydde av slag 1991, ville dette nedverdiggande som har skjedd nå aldri ha hendt. Vivianne var ein del av Västerbotens åndelege tradisjon, var sosialdemokrat og ei tid med i bystyret i Umeå, og trudde på det einiskilde mennesket sine ukrenkelege verdjar.